



Landslova av 1274 mellom historisk brot og kontinuitet

The Norwegian Code of the Realm of 1274 between Change and Continuity

Jørn Øyrehagen Sunde

Professor i rettshistorie ved Institutt for offentlig rett, Universitetet i Oslo, Dr.juris., 2007

j.o.sunde@jus.uio.no

Sammendrag

Landslova av 1274 er unik i både norsk og europeisk rettshistorie som ei av fire riksdekkjande lovbøker gjevne av ein konge i europeisk høgmellomalder. Ei riksdekkjande lovbok gav i utgangspunktet eit særleg godt høve til å samordna og gjennomføra ein einsarta politikk i riket, sjølv om det slett ikkje alltid var realiteten. Men sjølv om Landslova slik er unik, er den samstundes del av ein lang lovgjevingstradisjon og ein tradisjon for å skriva ned og systematisera eksisterande rett, og Landslova kan difor seiast å ha vore tufta på tradisjon i tillegg til ny ideologi. Landslova som unik nyskaping i norsk og europeisk rettshistorie er dermed eit spørsmål om både brot og kontinuitet.

Nøkkelord

lovgjeving, lovbok, kodifikasjon, lagting, rex justus

Abstract

The Norwegian Code of the Realm of 1274 is unique in Norwegian and European legal history as one of four codes for an entire realm issued by a king in the European High Middle Ages. A code was an excellent starting point for pursuing a unified policy for the entire realm, even if that proved hard to achieve. However, even if the Code of 1274 was unique, it is still part of a much larger tradition for writing and systematising law. Hence, the making of the Code was founded on tradition next to a new ideology. The Code of 1274 is thus both a question of change and continuity.

Keywords

legislation, code, codification, thing, rex justus

Landslova og historisk brot og kontinuitet

Landslova av 1274 er unik både i norsk og europeisk rettshistorie. Det fanst før Landslova ein veletablert lovtradisjon med lovsamlingar for kvar av dei fire lagtingsområda Gulating, Frostating, Eidsivating og Borgarting. Det fanst truleg òg lovsamlingar for dei norske byane og kjøpstadane, og moglegevis for regionar som til dømes Hålogaland.¹ Men Landslova er

1. Sunde 2013: 113.

den fyrste riksdekkjande lovboka for Noreg. Riksdekkjande lovbøker som bygde like mykje på rettsleg endring og ny rett som gamal rett, var òg eit særstykke i Europa, og Landslova er ei av fire riksdekkjande lovbøker som vart laga i europeisk høgmellomalder.² Samstundes var Landslova berre ein del av eit langt større lovgjevingsprosjekt som strekte seg frå ei reform av strafferetten truleg på slutten av 1250-talet til den store rettarbota i 1280, som igjen bygde vidare på ein omfattande lovgjevingsaktivitet under Håkon 4. Håkonsson i fyrste halvdel av 1200-talet, og skulle halda fram under Håkon 5. på byrjinga av 1300-talet. Resultatet av denne lovgjevingsaktiviteten var ikkje berre Landslova av 1274, men òg Bylova av 1276, Hirdskråa frå 1270-talet og den islandske lovboka Jónsbók, vedtatt i 1281. Alle lovbøkene bygde delvis vidare på eksisterande rett, og sjølv om Bylova og Jónsbók hadde reglane i Landslova som si grunnstamme, og berre om lag 30 % av reglane i dei var nye,³ var omfanget av lovgjevingsaktiviteten stor. Frå 1280 – då Jónsbók for Island var ferdig skriven, Magnus 6. Lagabøter døydde, og formyndarstyret til kong Eirik 2. Magnusson gav den fyrste store rettarbota etter Landslova – kom det i gjennomsnitt nesten halvanna rettarbot i året dei neste hundre åra.⁴ Landslova, Bylova, Hirdskråa og mange av rettarbøtene var gjeldande rett i Noreg fram til 1600-talet,⁵ medan Jónsbók formelt, og til ein viss grad reelt,⁶ framleis er ein del av islandsk rett.

Som fyrste riksdekkjande lovbok i Noreg, som ei av fire riksdekkjande lovbøker gjevne i europeisk høgmellomalder, med ei levetid på over 400 år og som byrjinga på ein lovgjevings-tradisjon som sidan har gått uavbroten fram til vår eiga tid, er altså Landslova av 1274 unik. Alt dette er gode grunnar til å forska på Landslova. Ikkje berre fram til 750-årsjubileet i 2024, men generelt. Likevel er det viktig at Landslova står fram som meir unik i vår eiga samtid enn ho gjorde i 1274. For medan Landslova i 2024 er gjenstand for ei nasjonal markering, er det berre indirekte at ein kan lesa ut av dei islandske annalane at Landslova vart vedtatt på Frostating i 1274, på Gulating i 1275 og på Eidsivating og Borgarting i 1276.⁷ Dette skuldast både at Landslova var sluttsteinen i eit langt reformarbeid som må ha prega norsk politikk meir og meir utover 1200-talet fram mot 1274, og at ho vart rekna som ein del av ein lang lovtradisjon som gjekk enno lenger tilbake i tid. Samla gjorde dette truleg at hendinga i 1274 i samtida vart opplevd som éi i ei rekke hendingar meir enn ei avgjerande rettsleg hending skild frå anna lovgjevingsaktivitet.

I det følgjande skal vi utforska lovgjevings- og systematiseringstradisjonen og plassera Landslova i høve til den, før vi går vidare og ser på strategien for å sikra etterfølging i praksis gjennom fleksibilitet i rettsbruken. Med andre ord skal vi utforska Landslova i den alltid tilbakevendande spenninga mellom historisk brot og kontinuitet.

2. Wolf 1996: 47–48, jf. Gagnér 1960: 321 sin referanse til Francesco Calasso.

3. Om Jónsbók, sjå Már Lárusson 1962: 613, medan estimatet for Bylova er mitt eige basert på ei samanlikning.

4. Ein gjennomgang av *Norges gamle Love* (NgL), bind 1–4, viser at det vart gjeve 79 rettarbøter mellom 1280 og 1319, og deretter 57 frå 1320 til 1379. Til saman var det dermed frå 1280 til 1379 gjeve 136 rettarbøter som er bevarte, noko som gjev om lag 1,4 rettsakter i året. Så skal det leggjast til at kategorien rettarbot er langt vidare i NgL enn til dømes i *Regesta Norvegica*. Samstundes skilde ein i mellomalderen ikkje strengt mellom ulike kongelige avgjerder med normerende kraft.

5. Landslova vart avløyst av Kristian 5.s Norske lov i 1687, Bylova av birkeretten i 1621, og Hirdskråa delvis av Lex Regia i 1660 og Kristian 5.s Norske lov i 1687.

6. Stortparten av Jónsbók er i dag erstatta av ny lovgjeving, men særleg allmenningsretten er til dels framleis som den vart gjeve av Magnus Lagabøter.

7. Imsen 2001; Storm 1888a: 332, 336.

Kongen som lovgjevar

Det som gjer Landslova av 1274 unik i norsk og europeisk rettshistorie, er fyrst og fremst at det er ei lovbok som har kome til gjennom lovgjeving. Det å regulera eit samfunn gjennom ei lovbok og gjennom lovgjeving vart vanleg etter den franske revolusjon. Før det vart europeiske rike vanlegvis regulert gjennom einskildlover, sedvanar og avgjerder i domstolane, der dei to siste kategoriane rettslege normer var nært knytte til kvarandre. Å laga ei lovbok gjennom lovgjeving hadde særleg to følgjer: Ein får 1) ein meir samanhengande lovtekst som gjev uttrykk for 2) éin politisk vilje. Dermed vert lova ideelt sett utan indre motsetningar, og alle lovreglane fører samfunnet mot same politiske mål. Dette er idealet, medan realiteten aldri er heilt slik. Sjølv i eit moderne samfunn er det sjeldan tilfellet. Når det å produsera riksdekkjande lovgjeving i mellomalderen var krevjande, skuldast det mellom anna at kongsmakta måtte etablera seg som normprodusert i konkurranse med eksisterande normprodusentar. Og dess fleire rettsområde og dess større geografisk område ein hadde ambisjonar om å gje lover for, dess fleire konkurrentar hadde ein.

I denne samanhengen er det opplagt at ein må trekkja fram jurisdiksjonsdelinga mellom konge og kyrkje. Sjølve Landslova si tilkomsthistorie er forma av at den framveksande sentralmakta i mellomalderen var delt mellom kongs- og kyrkjemakt. I 1269 vart nemleg eit fyrste forsøk på å gje lagtinga ei reformert lovbok i 1267–69 stoppa på Frostating i 1269 fordi erkebiskop Jon Raude overtydde tingmennene om at kongen hadde gått ut over sin kompetanse og gjeve lover som det einast tilkom kyrkja å gje. Anna Catharina Horn har gjeve ein omfattande historiografisk gjennomgang av denne delen av Landslova si historie,⁸ som berre kort skal handsamast seinare. Her er det tilstrekkeleg å peika på at fram til den tid samarbeidde stort sett kongs- og kyrkjemakt for å få del i ei lovgjevingsmakt som låg til tinget. Dette er ein prosess som byrja alt med framveksten av ei kongs- og kyrkjemakt før tusenårsskiftet. Å samanlikna Landslova av 1274 med dei store lovgjevingsforsøka i 954, 1024, 1163/64 gjer tydeleg både at Landslova bygde på ein lovgjevingstradisjon,⁹ men òg at ho representerte noko heilt nytt når det galdt omfang og gjennomslag.

Landslova er den fyrste lovboka skapt av ein lovgjevar i norsk rettshistorie, men det betyr ikkje at det ikkje fanst lovgjeving tidlegare. Snorre Sturlason hevdar i *Heimskringla*, slik det òg vert hevda i *Fagerskinna*, at det var etter eit slag i 954 at Håkon 1. den gode laga leidangsordninga. Dette var ei forsvarsordning der det norske riket vart delt opp i skipreider, som var geografiske einingar med plikt til å byggja, oppbevare, vedlikehalda og rusta ut eit krigsskip med mannskap til forsvar for landet.¹⁰ Dette er langt frå utenkjeleg, for som Knut Helle peikar på, hadde Håkon 1. vore i oppfostring hos kong Athelstan i England, som òg fekk laga lover.¹¹ Likevel er det i dag vanskeleg å vita i kor stor grad Håkon 1. faktisk fekk i stand nye lover. For det fyrste fordi den eldre Gulatingslova reknar innhaldet i leidangsordninga som fastsett av Atle, som ifølgje Helle levde rundt 1040,¹² og ikkje av Håkon 1. For det andre fordi det er store variasjonar mellom leidangsordninga slik vi finn henne nedteikna i den eldre Gulatingslova og Frostatingslova, noko som òg gjer det vanskeleg å vita kva som mogelegvis vart fastsett av Håkon 1. og seinare. Det er til dømes mindre forskjellar når det gjeld mangel

8. Horn 2018.

9. For orden skuld skal det peikast på at årstala 954 og 1024 er høgst usikre dateringar. Det skal òg seiast at dette altså ikkje er eit forsøk på ein norsk lovgjevingshistorie, sidan det berre er dei omfattande lovgjevingsforsøka som er handsama, og ikkje mange smålover, som dels er samla i den eldre Gulatingslova og Frostatingslova, dels nemnde i sagalitteraturen.

10. Helle 2001: 32–33; Erslund & Holm 2000: 42.

11. Sjø vidare Helle 2001: 34–36.

12. Helle 2001: 21, 39.

på mat under tokt,¹³ medan det er større forskjellar når det gjeld reglar om naust for leidangsskip,¹⁴ og berre i den eldre Gulatingslova finst det reglar om kokken om bord på leidangsskip.¹⁵ Sjølv om Ágrip og Snorre Sturlason i *Heimskringla* gjer Håkon 1. til den som til og med sette både Gulatingslova og Frostatingslova,¹⁶ er det altså vanskeleg å vita i kva grad han faktisk gav lover sjølv på eit avgrensa område som leidangen, som skulle vera ei kongeleg lovgjevingssoppgåve. Det vi kan vita, er at leidangsordninga viser at lovgjevar si evne til å skapa felles rett vart avgrensa av lagtinga sitt høve til å endra retten ved behov, og dermed gjera den ulik både kongen sitt ønskje, og korleis den vart vedtatt og brukt på andre lagting.¹⁷

Medan Håkon 1. kan ha lært lovgjevingsteknikk i England, er det i så fall i Normandie at Olav 2. Haraldsson kan ha lært det same. Her var han ved hoffet til erkebiskop Robert 2. i Rouen, der nettopp lovgjeving var eit tema. Til dømes gjorde Dudo av Saint-Quintin Rollo til lovgjevar i si historie om normannarane, avslutta i 1015, og knytte òg elles lovgjeving til dei normanniske hertugane.¹⁸ Landslova reknar sjølv Olav 2. den heilage som den fyrste kongelege lovgjevar, og som opphavet til norsk rett og generelt ordninga for det norske kongedømet.¹⁹ Det same finn ein vitnesbyrd om i *Passio Olavi, Historia de antiquitate regum Norwagiensium* og *Gammelnorsk homilieboek*, ved sida av den alt nemnde *Heimskringla* av Snorre Sturlason, for å nemna viktige kjelder i denne samanhengen.²⁰ Viktigare er nok den konkrete tilskrivninga av reglar til Olav 2. i byrjinga av den eldre Gulatingslova, som han skal ha gjeve på Moster i 1024, og at Frostatingslova òg viser til lovgjeving på Moster.²¹ Helle peikar på at slike tilvisingar manglar i kristenrettane for Eidsivating og Borgarting, men at

[d]ei samsvarer likevel så mykje med Olavsteksten i Gulatingslovas kristenrett, for ein del òg i ordlyd, at det er rimeleg å rekna med at programmet frå Moster låg til grunn for dei fyrste lovvedtaka om kyrkje og kristendom på Austlandet med.²²

Torgeir Landro er langt meir atterhalden, og tviler seg fram til at det er «godt mogeleg at Mostertinget markerer eit regimeskifte og eit startpunkt for norsk kristenrettslovgjeving».²³ Sjølv om manuskript frå den eldre Gulatingslova frå seint 1100-tal og fram til Rantzau-boka frå midten av 1200-talet identifiserer 23 kapittel med innhald som vert tilskrivne Olav 2. – i dag gjerne referert til som Olavstekst – så er det vanskeleg å vita kva som er tilskrivningar, og kva som faktisk vart vedtatt på Moster. Det som er viktig i denne samanhengen, er at sjølv om ein kan finna likskap mellom kristenrettane i dei fire lagtingsområda i Noreg i mellomalderen, er det ulikskapane som er mest iaugefallande. Dermed må ein, som i Håkon 1.s tilfelle, konkludera med at lovgjevar sin autoritet og vilje til å skapa felles rett ikkje vart ei

13. Den eldre Gulatingslova kap. 305 og Frostatingslova VII-23, sjå Robberstad 1981: 275–276 og Hagland & Sandnes 1994a: 129.

14. Den eldre Gulatingslova kap. 307 og Frostatingslova VII-3, sjå Robberstad 1981: 277 og Hagland & Sandnes 1994a: 121.

15. Den eldre Gulatingslova kap. 300, sjå Robberstad 1981: 272.

16. Snorre Sturlason 2012: 123.

17. Vi har ingen vitnesbyrd om lågare tingnivå òg såg seg kompetent til å gjera endringar etter behov, men det kan ikkje utelukkast.

18. Hagger 2010: 838, jf. 831–834.

19. Landslova II-3, 8, 11 og 12; Taranger 1962: 19, 24 og 26.

20. Sjø artikkel «Sankt Olavs lov som rettslig realitet og politisk idé i utviklingen av en norsk sentralmakt» i dette nummeret av *Historisk Tidsskrift*, med vidare tilvisingar.

21. Den eldre Gulatingslova kap. 10, 15 og 17 og Frostatingslova III-1, sjå Robberstad 1981: 22, 26 og 28, og Hagland & Sandnes 1994a: 38.

22. Helle 2001: 177–178.

23. Landro 2010: 191, jf. 192. Men sjå òg Dybdahl 2000: 48, som ikkje er atterhalden, jf. Blom 1981: 63, som nyttar same argument og kjem til same konklusjon.

hindring for å endra retten ved behov i ettertid, og endra den ulikt på kvart av lagtinga. Sjølv Olav 2. sin veksande helgenstatus og stilling som *rex perpetuus Norvegiæ* hadde altså over tid avgrensa gjennomslagskraft for tinget sin autoritet som lovforvaltar, og dermed òg som lovendrar.

Vi har sett at mellom anna Snorre Sturlason gjev Håkon 1. ein sentral plass som lovgjevar i utforminga av norsk rett. Vi har sett at Landslova og fleire andre mellomalderkjelder gjer Olav 2. til ein viktig lovgjevar. Sett med ettertida sine augo er det derimot Magnus 5. Erlingsson som står fram som den fremste lovgjevaren, eller helst jarlen Erling Skakke, som truleg gav lover i sonen sitt namn. For sjølv om han tapte kongetrona, vart lovgjevinga til Magnus 5. ståande ganske einsarta i både den eldre Gulatingslova og Frostatingslova etter regimeskiftet. Medan Håkon 1. og Olav 2. kan seiast å ha lært lovgjeving i England og Normandie, så kan ein sjå av lovgjevinga til barnekongen Magnus 5. at det var folk i hans følge som hadde studert juss, på dette tidspunktet kanskje i Bologna. Dette ser vi i at regelen om sinnslidande som drep nære slektningar,²⁴ og moglegevis forbodet mot homoseksualitet,²⁵ kan førast tilbake til romersk rett.²⁶ Tankar om retten til sjølvforsvar ser ut til å skriva seg frå Placentinus og romarrettsvitskap,²⁷ medan til dømes reglar som *poena latae sententiae* er henta frå kanonisk rett, slik forbodet mot homoseksualitet òg kan vera.²⁸ Det er difor god grunn til å tru at lovgjevinga til Magnus 5. hadde røter i den romarrettslege lovgjevingsideologien som vaks fram med jusstudiet i særleg Bologna, men som fekk si eiga form innan den kanoniskrettslege tradisjonen, og resulterte i mellom anna *Liber Extra* frå 1234.

Det er tre stykke lovgjeving som kan tilskrivast Magnus 5. på riksmøtet i Bergen i 1163 eller 1164. Det fyrste er tronfølgjelova, som vi kjenner frå kapittel 2 i den eldre Gulatingslova.²⁹ Det andre er endringane i Olav 2. si lovgjeving, skriven inn i manuskript av den eldre Gulatingslova, gjerne omtalt som Magnustekst, der kongen stadfestar, endrar, erstattar eller legg til eksisterande lov uttrykt i Olavstekst.³⁰ Denne omfattande kristenrettsreguleringa skal òg få liggja her saman med tronfølgjelova. Det tredje er nymælet i kapittel 32 i den eldre Gulatingslova, som står fram som ei eiga rettsleg reform,³¹ og som nesten er ei avslutning på kristenrettsreglane ved overgangen til avtale- og kjøpsreglane.³² Nymælet kan delast opp i 13 ulike reglar, der 9 av dei både i innhald og ordlyd ligg føre i ganske identisk form i både den eldre Gulatingslova og i Frostatingslova.³³ Det fyrste vi dermed skal merka oss, er at kongen i stor grad har lukkast med å gje lover på tvers av lagdøme grenser. Dette kan sjølv sagt skuldast at tidsforløpet er langt kortare enn for lovgjevinga til Håkon 1. og Olav 2., og endringsbehovet mindre. Men med eit tidsforløp på om lag 100 år i ei tid der samfunnet går gjennom store endringar både økonomisk, sosialt og politisk kunne ein kanskje likevel venta

24. Digesta 1.18.14 og 48.9.9. Sjå vidare Pickett 1952: 26–27.

25. Novellae 4.18.4. Sjå Karras 2020: 971–972.

26. Forbodet mot homoseksualitet kan kanskje òg førast tilbake til lovgjeving i krossfararkongedømet i Jerusalem, sjå Karras 2020: 972–974.

27. Sjå Pennington 2013: 33–34.

28. Sjå til dømes Boswell 1994: 74 note 27.

29. Helle 2001: 147.

30. Den eldre Gulatingslova kap. 3, 4, 5, 6, 7, 9, 10, 11, 12, 20, 21, 22, 23, 24, 27, 28, 30, 37, 54 og 55, jf. Robberstad 1981: 15–18, 18–19, 19–20, 20, 20–21, 22–23, 23–24, 24–25, 30–32, 32–33, 34–35, 36–38, 38–40, 41–42, 42–44, 44–46, 57–60, 75–76 og 76–77.

31. Helle 2001: 17.

32. Mellom kristenrettsreglane og avtale- og kjøpsreglane kjem kap. 33 om bispeskyss i den eldre Gulatingslova.

33. Frostatingslova V-44, 45 og 46, jf. Hagland & Sandnes 1994a: 95–97. Det kan leggjast til at regelen i kap. 32 i den eldre Gulatingslova om ektemannen som drep den som han finn til sengs med kona for andre gong, etter at denne har mottatt bot etter fyrste gongen, er fri for straffefølgjing, ikkje står saman med dei andre reglane knytt til Magnus 5. si lovgjeving i Frostatingslova, men i XI-4. Å flytta denne regelen til kvinnebolken i Frostatingslova er ei systemendring og ikkje ei innhaldsendring, og vert difor ikkje rekna med her.

seg fleire ulikskapar om terskelen for at tinget gjorde endringar, var låg. For tinget meinte seg så absolutt kompetent til å gjera endringar, sidan fire av dei 13 reglane er ulike i Frostatingslova i høve til den eldre Gulatingslova. Dette gjeld fyrst regelen i den eldre Gulatingslova om slåssing i kyrkje og på kyrkjegard, som er langt meir utbrodert, vidtfemnande og detaljert i Frostatingslova.³⁴ For det andre gjeld det regelen i den eldre Gulatingslova om at ein sinnslidande drapsmann ikkje kan straffast etter å ha drepe ein nær slektning. Etter Frostatingslova skal vedkomande derimot forlata landet, og kan ikkje arva den døde.³⁵ For det tredje kan nokon etter den eldre Gulatingslova mista sin fred etter å ha gjort ei ubotehandling, dersom dei etterlatne ikkje har kraft eller kunnskap til å kalla saman til eit ting som kan døma vedkomande fredlaus. I Frostatingslova er denne regelen motsett: Her står det eksplisitt at berre tinget kan ta frå nokon freden deira.³⁶ Til sist har ein forbodet i den eldre Gulatingslova mot homoseksuell omgang mellom menn, som ikkje finst i Frostatingslova i det heile. I desse fire tilfella har altså Frostating endra lovgjevinga til Magnus 5.³⁷ Når det gjeld regelen om slåssing i kyrkje eller på kyrkjegard, så kan ein tenkja seg at kyrkja har teke initiativ til utvidinga av regelen. Når det derimot gjeld om nokon kan mista sin rettslege fred ut frå misgjerninga åleine, og ikkje etter dom, så er det mogeleg at det var tinget som mot kyrkja sitt ønske fekk regelen endra, sidan dette var utslag av prinsippet om *poena latae sententiae*, som vart utvikla etter vedtak på det andre laterankonsilet i 1139.³⁸

Frå 954 og 1024 til 1163/64 skjer det ei stor endring når det gjeld forskjellane i kongeleg lovgjeving i ulike lagdøme. Med mindre endringar vert lovgjevinga meir samanhengjande og gjev i større grad uttrykk for ein lovgjevarvilje. Det er mykje mogeleg at ein òg på lovgjevingstidspunkta var merksam på denne problematikken. Geir Atle Ersland meiner å finna at leidangsordninga til Håkon 1. fyrst vart vedtatt på Gulating for Vestlandet, seinare på Frostating for Trøndelag, og til slutt på Austlandet.³⁹ Det er all grunn til å tru at tidsulikskapen bidrog til fleire ulikskapar i lovinnhaldet. Det er interessant å merka seg at lovgjevinga til Olav 2. og Magnus 5. derimot ikkje fyrst vart gjeve på eit av lagtinga, slik leidangsordninga nok vart, men på eit riksmøte.⁴⁰ Olav 2. gav lover på Moster og riksstyret for barnekongen Magnus 5. i Bergen, og fyrst seinare må lovgjevinga ha vorte presentert på lagtinga. Men då vart den presentert som ei riksdekkjande lovgjeving som no skulle implementerast på eit lågare, og dermed underordna, nivå. Lagtinga var i utgangspunktet ikkje underordna noko anna organ. Denne underordningstanken og reelle underordninga som kongsmakta ønskte å formidla, kan ein lesa ut av ordninga med nemndemenn i kapittel 3 i den eldre Gulatingslova. Kor mange nemndemenn som skal møta på Gulating, skal ha vorte bestemt på Moster i 1024, for så å verta justert av Erling Skakkes regime i namnet til Magnus 5. i Bergen i 1163/64.⁴¹ Den som bestemmer korleis lagtinget skal organiserast, er overordna det. Enno meir

34. Frostatingslova II-10, jf. Hagland & Sandnes 1994a: 20–22.

35. Frostatingslova IV-31, jf. Hagland & Sandnes 1994a: 66.

36. Frostatingslova V-12, jf. Hagland & Sandnes 1994a: 85–86.

37. Det kan tenkjast at det i staden er tale om reglar som er lagt til Magnus 5. sitt nymæle i kap. 32 i den eldre Gulatingslova, og dermed at reglane i Frostatingslova er dei opphavelege. Men ein skal leggja merke til at dei reglane i Frostatingslova V-44, 45 og 46 som er ulike dei i kap. 32 i den eldre Gulatingslova, ikkje står saman med resten av Magnus 5. si lovgjeving. Det indikerer at ein har tatt reglane ut av lova slik ho vart gjeven av Magnus 5., og sett dei inn andre stadar i Frostatingslova der ein meinte dei tematisk høyrde heime.

38. Huizing 1955: 281–283. Men sjå diskusjonen i Helmholz 1994: 249–252.

39. Ersland & Holm 2000: 52, jf. 53.

40. At lovgjevinga til Magnus 5. i 1163/64 vart vedtatt på eit riksmøte, er ikkje særleg kontroversielt. Sjå elles Helle 1972: 118–123 og Helle 2001: 17. Helle ser ikkje på møtet på Moster som eit riksmøte, men meir som eit regionalt tingmøte, sjå Helle 2001: 38. Robberstad 1950: 33 ser det derimot som eit riksmøte. Taranger 1904: 204 omtalar òg Mostratinget som eit riksmøte, medan Taranger 1930: 146–147 omtalar det som eit konkordat (kyrkjemøte).

41. Det er mogeleg at det var Håkon 1. som fyrst etablerte ordninga med nemndemenn, sjå Helle 2001: 33–34.

følgjer dette av rekkefølga av dei tre fyrste reglane i den eldre Gulatingslova: Fyrst kjem Gud, så kjem kongen og tronfølgjereglane, og så kjem tinget.⁴² I eit slikt hierarki kan ikkje tinget endra kongeleg lovgjeving. Med å forsøka å etablera riksmøtet som eit organ overordna tinget, saman med ei slik hierarkisk framstilling av ordninga i riket, forsøkte Olav 2. og Magnus 5. òg å sikra at lovgjevinga deira vart verksam politikk utan endringar gjort av lagtinget.

Med Landslova av 1274 har på mange måtar denne utviklinga kome til ein ende. Kongen gjev ei lov, lik for alle lagtinga. Det er mange variasjonar mellom landslovsmanuskripta, noko vi skal koma tilbake til, og eit døme på variasjonane har vi i Landslova IV-21. I nær på halvparten av dei 41 bevarte mellomaldermanuskripta av Landslova heiter det at ein kan hemna ei fornærming som det er to vitne på, så lenge hemnen skjer på ståande fot og berre resulterer i sår eller annan alvorleg skade.⁴³ Sidan regelen ikkje er med verken i Bylova av 1276 eller Jónsbók av 1281, er det truleg at det er eit tillegg som er skrive inn fordi det vart opplevd som rett. Men – og det er ein vesentleg forskjell – det er ikkje noko system i innskrivinga som gjer at denne rettsoppfatninga kan førast tilbake til eitt eller fleire av dei fire lagttingsområda, i motsetnad til ulikskapane i lovgjevinga frå 954, 1024 og 1163/64. Dette er symptomatisk for variasjonane mellom landslovsmanuskripta: dei gjev delvis uttrykk for ulike rettsoppfatningar som ikkje er tingspesifikke. Etter ein prosess som kan ha starta med Olav 2. på Moster i 1024, er kongen i 1274 overordna tinget som lovgjevar både formelt, men òg reelt om ein ser på variasjonane mellom landslovsmanuskripta.

Nedskrivning og systematisering av rett

Som vi har sett, var Landslova langt frå den fyrste kongelege lovgjevinga i norsk rettshistorie. Ho var òg langt frå det fyrste forsøket på å omgå tinget som normprodusent, truleg for å sikra den samanhengen med og realiseringa av politisk vilje som er lovgjevinga sin fordel framfor organisk framveksande rett. Om vi anlegg eit breiare perspektiv på kva som kan skapa lovsamheng og realisering av politisk vilje, byggjer Landslova på ein enno sterkare tradisjon. For det er ikkje berre ein meir festna tradisjon for kongeleg lovgjeving som gjer at forskjellane mellom lovgjevinga i 1024 og 1163/63, og fram til 1274 vert mindre, og det er ikkje berre tidsdimensjonen som gjer dei større. Teknikken for å formidla rett endrar seg, og med han høvet til å oppfylle det vi i dag kan kjenna igjen som samheng og realisering av politisk vilje. Teknikken er uløseleg knytt til lovgjevingsambisjonane som veks fram.

Landslova av 1274 var ei av fire riksdekkjande lovbøker i europeisk høg mellomalder saman med Liber Augustalis/Melfikonstitusjonane for Sicilia frå 1231, Las Siete Partidas for Castilla frå 1265 og den svenske landslagen frå ca. 1350. Dette er ei meiningsfylt kategorisering. Som vi har sett ovanfor, kan lovgjeving skapa lovsamheng og realisering av politisk vilje, og dess meir omfattande det er geografisk, dess større effekt har ein av desse føremønene ved lovgjeving. Men ein må ikkje mista av syne at det fanst mange måtar å nærma seg det same målet på som i teorien hadde mindre effekt, men som i praksis kunne vera meir effektiv. Og ikkje minst som var den langt vanlegaste måten å skapa fastare normgrunnlag på i Europa i mellomalderen: kodifisering av eksisterande rett. Sjølv om det berre kom fire riksdekkjande lovbøker i høg mellomalderen i Europa, så kom det mange samlingar av rett.⁴⁴

42. Det heile minner mykje om organiseringa av reglane i den nærast konstitusjonelle kristendomsbolken i Landslova, men parallellitet er det ikkje.

43. Taranger 1962: 63.

44. Konferer her gjennomgangen til Andersen 2005: 100–165, som omfattar ganske ulike europeiske lovgjevingsprosjekt.

Til dømes *Fuero real* i Castilla, som var ei slik kodifisering, hadde større følger for det praktiske rettslivet enn lovverket *Las Siete Partidas*. Det er denne kodifiseringa av retten som Sten Gagnér seier er den eigentlege

«mektige transformasjonsprosessen» på 1200-talet, som med sin felles europeiske drivkraft mot kodifisering raskt forvandla epoken med uskriven sekulær lov, og som førte til at oppfatninga av rett som eit verk av ein lovgjevar gradvis byrja å utkrystallisere seg og gjera seg gjeldande.⁴⁵

I Norden var denne trenden særskild sterk, med nedskriving av regionale lover i det norske, svenske og danske riket før Noreg og så Sverige fekk sine riksdekkjande lovbøker. I Danmark, og lenge i Sverige, var slike kodifiseringar av regional rett eit alternativ til lovgjeving. Vår kunnskap om både den eldre Gulatingslova og Frostatingslova skuldast at eksisterande rett som hadde vorte overlevert munnleg, på eit tidspunkt vart skrive ned. Ein veit ikkje sikkert når ei slik nedskriving av retten i dei fire norske lagdøma tok til.⁴⁶ I denne samanhengen er ikkje denne diskusjonen så interessant heller. Det som er viktig, er nedskrivinga frå midten av 1100-talet, som er byrjinga på den kodifiseringsprosessen som Gagnér snakkar om. Årsaka er at *Decretum Gratiana* frå 1140-talet gjorde at nedskriving og samordning av rett vart to sider av same sak.⁴⁷ At dette òg kom til å gjelda for norsk rett, kan ein lesa ut av eit lite påheng til kapittel 20 i utferdsbolken, som gjeld leidangsordninga i den eldre Gulatingslova. Her heiter det i Knut Robberstad si omsetjing frå 1937:

No har me sett landvernet vårt i skrå (lov-uppskrift) og veit ikkje anten det er rett eller rangt. Men um det er rangt, skal me ha det lovmålet um utgjerdene våre, som fyrr har vore, og som Atle sa fram for folket i Gula, utan kongen vil samtykkja i noko anna og me alle vert samde um det.⁴⁸

Det ein skal merka seg foreløpig, og som ein kan lesa mellom linjene, er at skrivaren av dette manuskriptet med den komplette Gulatingslova, kalla Rantzau-boka, har hatt fleire førelegg ved skrivinga av manuskriptet. Det vil seia at det har funnest fleire manuskript av lova som skrivaren har forsøkt å sameina. Tydlegast ser ein dette av nokre av reglane i odelsbolken i den eldre Gulatingslova, som Robberstad konstaterte var basert på to ulike førelegg som skrivaren ikkje klarte å sameina.⁴⁹ Ein slik manglande sameining ser ein av og til i den eldre Gulatingslova, som mellom påsiglingsreglane i kapittel 144 og 174.⁵⁰ Men det er ikkje manglande samsvar som dominerer i den eldre Gulatingslova og Frostatingslova slik dei er bevart, men eit samsvar skapt gjennom gjentakande nedskriving med tilhøyrande systematisering.⁵¹ Det betyr at Landslova kjem etter at det har pågått eit lengre arbeid for å samordna retten i kvart av lagdøma. Og sjølv om retten i Gulating og Frostating har vore svært

45. Gagnér 1960: 295: «[der] gewaltige Umwandlungsprozeß» des 13. Jahrhunderts, der in einen gemeineuropäischen Drang zur Kodifikation die Epoche des ungeschriebenen weltlichen Rechts rasch umwandelte und aus dem sich allmählich die Auffassung von dem Recht als dem Erzeugnis eines Gesetzgebers herauszukristallisieren und durchzusetzen begann.»

46. Sjå diskusjonen i Helle 2001: 20–23, som gjeld den eldre Gulatingslova, men som har relevans for all norsk mellomalderrett.

47. Sjå til dømes Winroth 2000: 5–8 og 191–195.

48. Robberstad 1981: 284.

49. Robberstad 1981: 386 (merkna 2 til side 250–263).

50. Robberstad 1981: 156 og 184.

51. No vert dette sjølv sagt styrka av at dei berre er bevarte komplett i eitt einaste manuskript.

ulik, så var utfordringa for Magnus 6. Lagabøter å ta samordningstanken opp frå lagdøme til rikspan, ikkje å etablere han. Dette skuldast nok òg utviklinga på 1200-talet, som til no ikkje er omtalt. For mellom lovgjevinga i Magnus 5. Erlingssons namn i 1163/64 og Landslova av 1274 er det ytterlegare viktige lovgjevingstiltak som byggjer bru mellom den eldre lovtradisjonen og Landslova.

Når Sturla Þórðarson mot slutten av Håkon Håkonssons saga oppsummerer kongen sitt virke, skriv han i Anne Holtsmark si omsetjing frå 1964:

Kong Håkon lot gi betre lov og landsrett i mange ting i Norge. Han lot skrive den boken som nå blir kalt «Nyloven». Han gjorde slutt på alt manndrap og lemlestelse, ingen skulle trives i landet om han tok en annens hustru. Han forbød ættefeid, ingen skulle unngjorde for annens gjerning, men det skulle bøtes slik som loven sa.⁵²

Skildringa av Håkon Håkonssons Nye lov, truleg vedtatt på eit riksmøte i 1260,⁵³ passar godt med innhaldet i det som i dag er kjent som innleiinga til Frostatingslova. Jan Ragnar Hagland og Jørn Sandnes reknar med at ho er sett saman av i alle høve to tidlegare lover, og byggjer her vidare på Konrad Maurer, som tidfestar lova til 1240–60.⁵⁴ Hagland og Sandnes skriv òg at Håkon 4. «tok for alvor til å samla, systematisera og supplera landskapslovene, frå kring 1240 truleg som ei direkte førebuing til den *landslova* som kom i 1270-åra».⁵⁵ Det finst ikkje kjeldebelegg for at ein byrja å førebu Landslova alt frå 1240-talet, bortsett frå at Frostatingslova står fram som betre ordna enn den eldre Gulatingslova. Men betre ordning av rettsmaterialet treng slett ikkje skuldast kongeleg involvering, men truleg heller at det fanst stor skriftkompetanse ved erkebispesetet i nærleiken av Frostating, og ein like stor vilje til å påverka den verdslege retten gjennom forbetringar i både systematikk og innhald. I staden skal ein merka seg at Håkon 4. i si lovgjeving rettar seg mot å redusera hemn, samstundes som Frostatingslova opererer med hemnrett i fleire tilfelle.⁵⁶ Typisk nok opnar ikkje Håkon 4. i innleiinga i kapittel 7 for hemn for hør utan at horkaren ikkje vil svara for seg på tinget, medan den opphavelige retten til å slå vedkomande i hel på ståande fot for så å ta saka til tinget, framleis står i Frostatingslova IV-39. Med andre ord betydde ikkje mogeleg innverknad på system ein tilsvarende innverknad på innhald. Men den indirekte effekten var likevel at systematisering vart ei førebuing for Landslova gjennom at tinget vart vant med rettsleg reform gjennom endringar i skriftfesta lover. Ein kan tenkja seg at for nemndemennene på Frostating jonsok 1274 var ikkje Landslova den tredje av dei riksdekkjande lovbøkene i europeisk høg mellomalder, men berre enno ei endring av deira eiga Frostatingslov.

Håkon 4. si Nye lov av 1260 består av 25 heller korte kapittel, medan Landslova av 1274 består av om lag 220 ofte lengre kapittel. Det gjer at mengda ny rett med Landslova vert på eit heilt anna nivå enn gjennom nokon kongeleg lovgjeving nokon gong. Brage Hatløy si forskning på kjøpsbolken i Landslova viser at i denne bolken er 25 % av reglane henta frå den eldre Gulatingslova og Frostatingslova,⁵⁷ og var dermed ei vidareføring av eldre rett. 15 %

52. Sturla Þórðarson 1964: 314.

53. Helle 1972: 154.

54. Hagland & Sandnes 1994b: xxxi.

55. Hagland & Sandnes 1994b: xxx.

56. Frostatingslova IV-33, IV-35, IV-39, V-45 og XI-14, jf. Hagland & Sandnes 1994a: 67, 68, 69–70, 95 og 175–176. Det kan vera vanskeleg å dra skiljet mellom hemnrett og at folk kan drepast fordi dei er ugilde. Eg har tatt med V-45 og XV-6 mellom hemnreglane, men ikkje IV-13, IV-40, IV-62, V-14 og X-17.

57. Ein skal ha i minnet at ein ikkje kan vita kor mykje av Landslova som vart henta frå Borgartings- og Eidsivatingsløvene, som har gått tapt. Dei fleste forskarar er samde om at det truleg er tale om at berre små delar av Landslova er ei vidareføring av eldre rett frå desse to rettsbøkene, men dette kan ein ikkje vita sikkert.

var ei vidareføring av eldre rett med små endringar. Men dei resterande 60 % var fordelt slik at 37,5 % var ei vidareføring av eldre rett med store endringar, og 22,5 % var heilt ny rett.⁵⁸ Seinare års forskning viser vidare at domstolssystemet,⁵⁹ bevissystemet⁶⁰ og kredittsystemet⁶¹ vart radikalt endra med Landslova, samstundes med til dømes ei innføring av det kanoniske prinsippet om *necessitas non habet legem*⁶² og den naturrettslege ideen om felles eigedom i naudssituasjonar.⁶³

Berre gjennom lovgjeving kan retten endrast så radikalt i éi vending som det skjedde med Landslova. Og kanskje er det ein lengre tradisjon for rettsleg endring og lovgjeving som gjorde at ein ikkje har vitnesbyrd om protestar eller vanskar knytt til vedtakinga av Landslova. Unnataket er den alt nemnde episoden på Frostating, der den nye erkebiskopen Jon Raude ønskte eit brot med den etablerte tradisjonen for at konge og kyrkje gav kristenrettsreglar saman, og kravde eit klarare skilje mellom kongeleg og kyrkjeleg jurisdiksjon. Men då var altså Gulatingslova i 1267, og så Borgar- og Eidsivatingslova i 1268 vedtatte utan at det i dei islandske annalane er registrert protestar eller motstand, noko som heller ikkje er registrert då Landslova vart vedtatt på Frostating i 1274, på Gulating i 1275, og på Borgar- og Eidsivating i 1276. Dette står i ganske skarp motsetnad til situasjonen på Island. Anna Catharina Horn har argumentert for at den lova som vart vedtatt i Noreg 1267–68, i det store og heile er den same som vart introdusert på Island i 1271 som lovboka vi i dag kjenner som Jarnsiða.⁶⁴ Men det var mykje motvilje, og lovboka vart fyrst fullt ut vedtatt på Alltinget i 1273,⁶⁵ og då mot lovnad om ei ny lovbok. I 1281 kom den alt omtalte Jónsbók, som byggjer på Landslova, men som òg har mange islandske særtrekk. Den vart ifølgje biskop Arnes saga likevel møtt med protestar frå både kyrkjeleg hald og frå aristokratar og bønder.⁶⁶ Sagt med andre ord opponerte både kyrkje og ting som normprodusentar mot kongen sitt forsøk på å innføre ei lovbok. Ved sida av at dei rettslege endringane på Island var store, mangla òg ein tradisjon for kongeleg lovgjeving og for systematisering av eksisterande rett, som vi har sett at Landslova bygde vidare på. For medan dei ulike versjonane av den eldre Gulatingslova som er bevart frå slutten av 1100-talet og framover, viser ein heller stor grad av konsistens, så manglar ein slik konsistens heilt om ein samanliknar dei to overleverte versjonane Konungsbók og Stadarholsbók av den islandske lovboka Grágás. Annleis uttrykt: På Island vart Jónsbók opplevd som ein del av eit riksdekkjande lovgjevingsprosjekt på eit anna vis enn Landslova truleg vart i Noreg.

Lovgjevarvilje og fleksibilitet i rettsbruken

Landslova av 1274 som riksdekkjande lovgjeving er unik og gjorde det mogeleg å samordna retten på rikspolitisk plan, og slik gjennomføra den politikken som låg til grunn for Landslova. Men det er vanskeleg å tenkja seg Landslova utan ein føregåande kongeleg lovgjevings-tradisjon og ein tradisjon for å skriva ned og samordna eksisterande rett. Like vanskeleg er det å tenkja seg at Landslova, som førte til ei heller radikal endring av retten, fekk ein faktisk verknad utan å opna for variasjonar i rettsbruken. Eit evig tilbakevendande tema er då òg

58. Hatløy 2021: 93.

59. Dette er tema for Sunde 2014 og 2020.

60. Dette er tema for Nordby 2020.

61. Dette er tema for Hatløy 2020.

62. Dette er det underliggjande temaet for Granbo 2020.

63. Dette er det underliggjande temaet for Nakrem 2020.

64. Horn 2020.

65. Storm 1888a: 138–139, jf. Storm 1888b: 68 og Stefánsson & Stefánsson 2007: 34 og 36.

66. Stefánsson & Stefánsson 2007: 80–87.

tilhøvet mellom retten slik den er skriven, og retten slik den vert brukt.⁶⁷ Dette var ein medviten om, og ein diskuterte det i lærde krinsar frå midten av 1100-talet, då diskusjonen vart knytt til to av dei nærast mytiske professorane ved universitetet i Bologna: Bulgarus, som fremma *jus strictum*, at retten skulle brukast slik den var skriven, og Martinus, som fremma *jus aequum*, at retten skulle brukast slik at den gav eit godt resultat.⁶⁸ Litt enkelt sagt skuldast spenninga mellom lov slik den er gjeven, og slik den vert praktisert, at ein ordlyd gjev meir eller mindre rom for tolking, og fordi forståingshorisonten ei lov skal tolkast ut frå, og samfunnet tolkinga skal tilpassa lova til, jamt vil endra seg. Så sjølv om ein skulle klara å laga ein lovtekst heilt utan indre motsetnadar der alle lovreglane peikar mot same politiske mål, så vil det straks etter lovgjevingstidspunktet byrja ein endringsprosess som gjer at denne idealtilstanden vil verta forlaten. Med denne erkjenninga følgjer òg eit medvit om at ei lovbok ikkje lever opp til idealet eller ei, men det finst grader av samanheng i lovteksten, og grader av at den fører samfunnet mot same politisk mål. For Landslova sin del betyr det for det fyrste at den er unik i korleis den er tenkt og laga, men den vil vera mindre spesiell i forhold til eldre rett i måten den fungerte på i praksis. For det andre betyr det at det ikkje er tale om Landslova vart sett ut i livet eller ei, men graden av realisering av reglar og politiske mål.

At praktiseringa av ei lovbok skapt av ein lovgjevar ville føra til at den tenkte samanhengen i teksten og det politiske målet med lovgjevinga vart meir differensiert, var endå meir eit trekk ved retten i mellomalderen enn seinare. Dette skuldast to faktorar. For det fyrste var det i mellomalderen inga forventning til bokstavtolking av ein lovtekst. Når Landslova vart gjeven i 1274, var den rettslege tradisjonen framleis prega av det munnlege, som lenge dominerte framfor skrift i ein rettsleg samanheng. For det andre førte ikkje skriftfestinga av lovene til ein einskapleg rett på eit bokstavnivå – til det var variasjonane mellom ulike lovmanuskript for store.⁶⁹ Bokstavtolking av lovtekstar gav difor ikkje noko sikkert resultat før etter at lovene konsekvent vart trykte frå midten av 1600-talet, og det vart fyrst uttrykt som ei forventning i Kristian 5.s Norske lov av 1687. Difor var strategien for å sikra at lova fekk ein effekt, ein heilt annan i Landslova av 1274 enn i tidleg moderne tid og seinare. Etter Landslova I-4 er utgangspunktet at dommarane følgjer lovteksten, men at dei skulle fylle inn manglande regulering med sine dommar, og at dei skulle setja lova til sides om den var for streng eller for mild etter IV-18.⁷⁰ Kriteriet var at dei følgde sit samvit og vart samde. Ved usemje skulle lagmannen si meining råda, om ikkje kongen etter I-11 sette den til sides. I realiteten betydde dette at ved sida av at ei sak fekk si løysing på tinget, kunne det skapast ny rett ved kongen sitt eksplisitte eller stillteiande samtykkje, alt etter om han valde å setja ein dom til sides eller ei. Av den grunn vart einskilde dommar av monarkar og lagmenn skrivne inn i lovmanuskript som kjelder til gjeldande rett der lova var taus. Til dømes vart Håkon 5. Magnusson si avgjerd om ættleiing frå 1318 skriven inn i 38 lovmanuskript,⁷¹ medan lagmann Gunnar Jarandsson sin dom om kongen sin forkjøpsrett frå siste halvdel av 1300-talet er skriven inn i to lovmanuskript.⁷²

Landslova legg ikkje berre til rette for at lovtomrom skal fyllast, og for at dommarane kan setja lov til sides når den er for streng eller for mild, men den pålegg at lov ikkje skal følgjast i slike tilfelle. I IV-18 heiter det i Absalon Taranger si omsetjing frå 1915:

67. Sjå Halperin 2011 for ein klassisk rettsteoretisk diskusjon av temaet.

68. Padoa-Schioppa 2017: 193–197.

69. Rindal & Spørck 2018: 173.

70. Sjå Sunde 2014: 168–172, jf. Sunde 2021: 515–519 og Bagge 2001: 382–385.

71. Storm 1885: 393, 396, 412, 419, 429, 436, 438, 443, 456, 472, 481, 494, 519, 533, 537, 558, 560, 573, 598, 600, 648, 649, 649, 658, 670, 674, 702, 705, 710, 712, 716, 726, 733, 736, 752, 761, 777 og 788.

72. Storm 1885: 529 og 659. Gunnar Jarandsson var i alle høve lagmann i Gulating mellom 1366 og 1379.

Men derfor er dommen opnævnt, at den skal ransake og vurdere saker og misgjerninger og saaledes lempe dommen efter sakforholdet, som tingmænd og retter finder rettest for Gud efter sin samvittighet; men ikke saaledes, som mangan daare hertil har svaret, at de dømmer ikke andet end lov.⁷³

Regelen er ikkje til å ta feil av – den gode dommar følgjer ikkje lova når den gjev eit resultat som ikkje er rettvist. Det som er rettvist, er det ein kan forsvara på dommens dag i møte med Gud, som er den inkarnerte rettvise. Berre den tåpelege⁷⁴ forstår ikkje dette. Dette er meir inngåande skildra i Kongsspegelen,⁷⁵ eit dannelsingsverk frå midten av 1200-talet som delvis peikar fram mot Landslova av 1274, og særleg mot nettopp IV-18, der ein finn denne regelen.⁷⁶ Ikkje minst skjer det gjennom at den breie religiøse argumentasjonen i Kongsspegelen vert komprimert i IV-18.⁷⁷ Vidare har Sverre Bagge vist korleis kongen i Kongsspegelen vert presentert som *rex justus* – den rettvise kongen med kompetanse frå Gud til å styra i sitt rike.⁷⁸ Dette er òg understreka i II-2 i Landslova, der det heiter i Taranger si omsetjing:

Nu, fordi Guds miskund ser til den store daglige trang hos de utallige mennesker og ymse folkeslag, da har han befalet sine to tjenere at være hans synlige ombudsmænd (...). Kongen har av Gud verdslig vælde til verdslige formaal, men biskopen aandelig vælde til aandelige formaal; og hver av dem skal styrke den andens vælde i rette og lovlige saker og kjende med sig, at *de har sit vælde og overbefaling av Gud og ikke av sig selv*.⁷⁹

Dette er eit uttrykk for den jurisdiksjonsdelinga mellom kongs- og kyrkjemakt som er omtalt tidlegare. Her skal vi merka oss at denne ideen òg er bakgrunnen for kongen si doble oppgåve som lovgjevar: å gje lover i tråd med Guds vilje, og å gje rom for å vika frå lova når lova vert for streng eller for mild i høve til det dommarane i sitt samvit kjenner er Guds vilje. Bak det tilsynelatande paradokset med at kongen gjev ei lov for å sikra einskapleg rett som samla drar mot eitt politisk mål, og samstundes opnar for fleksibilitet, ligg det altså ein klar logikk.

Motivasjonen for at Landslova sjølv legg opp til at lova sin bokstav ikkje skal følgjast, er altså i utgangspunktet religiøs. Men det er all grunn til å tru at motivasjonen for dette i alle fall er todelt. For det er ingen grunn til å tru at dei eldre landskapslovene, slik dei er bevarte for Gulating og Frostating, var tenkt å skulla tolkast etter sin bokstav. Eit mykje nytta døme for å visa fram karakteren deira er det alt siterte påhenget til kapittel 20 i utfferdsbolken i den eldre Gulatingslova. Det indikerer at det fanst manuskript med ulike regelsett som gjev ulike prosedyrar og løysingar på konfliktar og tilseier at tinget til tider har stått ganske fritt i høve til lova sin ordlyd. Og det er nettopp det som skrivaren av Rantzau-boka òg skisserer som løysinga når ein er i tvil om lova sitt innhald – då gjeld det ein vert samdom. Det er semje mellom dommarane som i utgangspunktet er kriteriet etter Landslova for å fylla lovtomme rom, og truleg for å setja lova til sides. Så sjølv om Landslova legg opp til ein fleksibilitet i høve til rettsbruken som er i tråd med *rex justus*-idealet, så er det òg ei vidareføring av faktisk praksis på tinget.

73. Taranger 1962: 58–59.

74. Sjø Fritzner 1973: 451 (s.v. «snápr») og Heggstad 1930: 630 (s.v. «snápr»).

75. Sjø til dømes Brøgger 2000: 190–198.

76. Sunde 2005: 150–152.

77. Bagge 2001: 367–369.

78. Sjø gjennomgangen til Hervik 2012: 119–122.

79. Taranger 1962: 18 (mi kursivering).

På denne bakgrunnen kan ein òg problematisera makttilhøvet mellom konge og ting. Når kongen vert lovgjevar, inneber det definitivt ei overføring av makt frå ting til konge, og Fredrik Charpentier Ljungqvist har vist at Landslova av 1274 styrka kongsmakta i Noreg meir enn det som skjedde gjennom lovgjeving i Sverige og Danmark.⁸⁰ Medan Frostating kunne velja å formulera ein motregel mot ordninga som kom med lovene i Magnus 5. sitt namn, om at ein kunne verta fredlaus på bakgrunn av eigne gjerningar, var ikkje dette lenger mogeleg etter 1274. Landslova bygde i realiteten på same tankegang som ein del av IV-18, og det er mange variasjonar mellom manuskripta, men regelen finst i alle.⁸¹ Derimot kunne den altså fråvikast i konkrete tilfelle om den gav eit urimeleg utslag etter nærare kriterium. Slik sett fekk tinget mindre makt, men resultatet trengte ikkje å verta så annleis så lenge ein fann gyldige argument og oppnådde semje. Men, som Brage Hatløy har vist,⁸² fekk tinget nye domsoppgåver som før hadde lege til ætta eller til partane. På ein slik bakgrunn var det altså etter Landslova av 1274 fleire saker som tinget kunne påverka enn tidlegare, sjølv om påverknaden no låg på saksnivå og ikkje på lovnivå.

Det betyr at tinget framleis var eit politisk organ, men at politikken vart utøvd gjennom det vi i dag forstår som dømande verksemd, og innanfor rammene av Landslova. I praksis vil det seia at kongen langt frå alltid fekk gjennomført den politikken Landslova var tufta på. Men samstundes ville politikk på saksnivå normalt verta ført innanfor dei samla politiske rammene som Landslova gav. Til dømes var hemnetten avskaffa, sjølv om tinget i mange saker sikkert kunne sjå mildt på valdshandlingar dei opplevde som rettviss gjengjelding. Og debitor sine rettar var monaleg styrka i kredittforhold, sjølv om det finst døme på at kreditor utnytta sin sterke posisjon. Sjølv om Landslova av 1274 er unik som ei av fire riksdekkjande lovbøker gjevne av ein konge i europeisk høgmellomalder, er det ikkje sjølve lovboka, men det høvet til å driva politikk som ho opna for, som er det verkeleg unike ved Landslova.

Artikkelen er skriven som ei del av prosjektet «Social Governance Through Legislation» ved Senter for grunnforskning/Centre for Advanced Studies 2021–2022.

Litteratur

- Andersen, P. (2005). *Rex imperator in regno suo. Dansk kongemagt og rigslovgivning i 1200-tallets Europa*. Odense: Syddansk universitetsforlag.
- Bagge, S. (2001). *Da boken kom til Norge*. Oslo: Aschehoug.
- Blom, G.A. (1981). Sankt Olavs lov. I M. Blindheim mfl. (red.), *Olav. Konge og helgen – Myte og symbol* (s. 63–84). Oslo: Sankt Olav Forlag.
- Boswell, J.E. (1994). Dante and the Sodomites. *Dante Studies, with the Annual Report of the Dante Society*, 112, 63–76.
- Brøgger, A.W. (red.). (2000). *Kongespeilet*. Oslo: De norske bokklubbene.
- Dybdahl, A. (1999). Noen fylkes- og lagtingssegl frå høymiddelalderen. *Collegium medievale*, 13, 37–55.
- Ersland, G.A., & Holm, T.H. (2000). *Norsk forsvarshistorie – Krigsmakt og kongemakt 900–1814*. Bergen: Eide.

80. Ljungqvist 2014: 325–327 og 329–332. Ljungqvist går derimot for langt når han på s. 334 les ut av Landslova eit enkelt hierarki.

81. Rindal & Spørck 2018: 375–384.

82. Hatløy 2022.

- Fritzner, J. (red.). (1973). *Ordbog over Det gamle norske Sprog* (3. utg.), bd. 3: R–Ö. Oslo-Bergen-Tromsø: Universitetsforlaget.
- Gagnér, S. (1960). *Studien zur Ideengeschichte der Gesetzgebung*. Stockholm-Uppsala-Göteborg: Almqvist & Wiksell.
- Granbo, B.A. (2020) *Nauðsyn i Magnus Lagabøters Landslov*. I A.C. Horn & K.A. Seip (red.), *Lov og lovgivning i middelalderen – Nye studier av Magnus Lagabøters landslov* (s. 135–163). Oslo: Nasjonalbiblioteket.
- Hagland, J.R., & Sandnes, J. (red.). (1994a). *Frostatingslova*. Oslo: Samlaget.
- Hagland, J.R., & Sandnes, J. (red.). (1994b). Innleiing. *Frostatingslova*. Oslo: Samlaget.
- Hagger, M. (2010). Secular Law and Custom in the Ducal Normandy, c. 1000-1144. *Speculum*, 85(4), 827–867. <https://doi.org/10.1017/s0038713410002307>
- Halperin, J.-L. (2011). Law in Books and Law in Action: The Problem of Legal Change. *Maine Law Review*, 64(1), 46–76.
- Hatløy, B.T. (2020). Pant i norsk mellomalder. I A.C. Horn & K.A. Seip (red.), *Lov og lovgivning i middelalderen – Nye studier av Magnus Lagabøters landslov* (s. 277–311). Oslo: Nasjonalbiblioteket.
- Hatløy, B.T. (2021). *Kontinuitet og endring i formuesretten i Magnus Lagabøters Landslov – Lovgjevingsomsyn, lovgjevningsteknikk og rettsleg innhald* (doktorgradsavhandling, Universitetet i Bergen).
- Hatløy, B.T. (2022). «Eg går med på det tingmennene kallar lov» – Tingets rolle i Magnus Lagabøters landslov av 1274. I J.Ø. Sunde & B.T. Hatløy (red.), *Eidsivating – Den norske tingtradisjonen gjennom 1000 år* (s. 129–147). Oslo: Cappelen Damm.
- Heggstad, L. (red.). (1930). *Gamalnorsk ordbok, med nynorsk tyding*. Oslo: Samlaget.
- Helle, K. (1972) *Konge og gode menn i norsk riksstyring ca. 1150-1319*. Oslo-Bergen-Tromsø: Universitetsforlaget.
- Helle, K. (2001). *Gulating og Gulatinglova*. Leikanger: Skald.
- Helmholz, R.H. (1994). Excommunication in Twelfth Century England. *Journal of Law and religion*, 11(1), 235–253. <https://doi.org/10.2307/1051632>
- Hervik, F. (2012). *Nordisk politikk og europeiske ideer. En analyse av nordiske forfatningsdokumenter 1282-1449* (doktorgradsavhandling, Universitetet i Bergen).
- Horn, A.C. (2018). Lovrevisjonene til Magnus Håkonsson Lagabøte – en historiografisk gjennomgang. *Maal og Minne*, 110(2), 1–27.
- Horn, A.C. (2020). Fra landskapslov til landslov. En studie av tekstorganiseringsen i norrøne middelalderlover. I A.C. Horn & K.A. Seip (red.), *Lov og lovgivning i middelalderen – Nye studier av Magnus Lagabøters landslov* (s. 99–132). Oslo: Nasjonalbiblioteket.
- Huizinga, P. (1955). The earliest development of excommunication latae sententiae by Gratian and the earliest decretists. *Studia Gratiana*, 3, 277–320.
- Imsen, S. (2020). Magnus Håkonsson Lagabøtes landslov. Loven som samlet Norge og nordmennene, og som formet de norrøne landene vest i havet. *Strinda, den gang da – Årbok for Strinda historielag*, 151–170.
- Karras, R.M. (2020). The regulation of ‘Sodomy’ in the Latin East and West. *Speculum*, 95(4), 969–986. <https://doi.org/10.1086/710639>
- Landro, T. (2010). *Kristenrett og kyrkjerett – Borgartingskristenrett i eit komparativt perspektiv* (doktorgradsavhandling, Universitetet i Bergen).
- Ljungqvist, F.C. (2014). *Kungamakten och lagen. En jämförelse mellan Danmark, Norge och Sverige under högmedeltiden* (doktorgradsavhandling, Stockholms Universitet).
- Már L. Lárússon. (1962) *Jónsbók*. I Johan Danstrup (red.), *Kulturhistorisk leksikon for nordisk middelalder, fra vikingtiden til reformationstid*, bd. 7, *Hovedstad – Judar* (s. 611–617). København: Roskilde og Bagger.

- Nakrem, J.F. (2020). Hønse-Tores oppgjør med ny rett. En juridisk lesning av Hænsa-þóris saga. I A.C. Horn & K.A. Seip (red.), *Lov og lovgivning i middelalderen – Nye studier av Magnus Lagabøters landslov* (s. 312–344). Oslo: Nasjonalbiblioteket.
- Nordby, O.-A.R. (2020). Nektelseseder fra landskapslovene til Landsloven. Lov og lovgivning i middelalderen – Nye studier av Magnus Lagabøters landslov, I A.C. Horn & K.A. Seip (red.), *Lov og lovgivning i middelalderen – Nye studier av Magnus Lagabøters landslov* (s. 252–276). Oslo: Nasjonalbiblioteket.
- Padoa-Schioppa, A. (2017). *A History of Law in Europe – From the Early Middle Ages to the Twentieth Century*. Cambridge: Cambridge University Press. <https://doi.org/10.1017/9781316848227>
- Pennington, K. (2014). Moderamen inculpatæ tutelæ. The Jurisprudence of a Justifiable Defense. *Rivista Internazionale di Diritto Comune*, 24, 27–55.
- Pickett, C. (1952). Mental affliction and church law – An historical synopsis of Roman and ecclesiastical law and a Canonical commentary. Ottawa: University of Ottawa Press.
- Rindal, M., & Spørck, B.D. (red.). (2018). *Kong Magnus Håkonsson Lagabøters landslov – Norrøn tekst med fullstendig variantapparat*, del 1. Oslo: Riksarkivet.
- Robberstad, K. (1950). Forbødet mot ekteskap millom skyldfolk. I *Frå gamal og ny rett* (s. 30–42). Oslo: Samlaget.
- Robberstad, K. (red.). (1981). *Gulatingslovi* (4. utg.). Oslo: Samlaget.
- Snorre Sturlason. (2012). *Heimskringla – Norske kongesagaer. 2012-utgaven*. (K.A. Pollestad, overs.). Oslo: Gyldendal.
- Stefánsson, G., & Stefánsson, M. (red.). (2007). *Biskop Arnes saga*. Oslo: Aschehoug.
- Storm, G. (red.). (1885). *Norges gamle Love indtil 1387*, bd. 4. Christiania: Grøndahl.
- Storm, G. (red.). (1888a). *Annales regii. Islandske Annaler indtil 1578*. Christiania: Grøndahl.
- Storm, G. (red.). (1888b). *Henrik Høyers Annaler. Islandske Annaler indtil 1578*. Christiania: Grøndahl.
- Sturla Þorðarson. (1964). *Håkon Håkonssons saga* (A. Holtsmark, red.). Oslo: Aschehoug.
- Sunde, J.Ø. (2005). *Speculum legale – rettspegele*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Sunde, J.Ø. (2013). Eit vell av rettslege normer – lovgjevinga til kong Magnus VI Lagabøtar som ramme for eit rettsleg mangfald. I G.A. Ersland & Ø.H. Brekke (red.), *Fragment frå fortida* (s. 106–123). Oslo: Dreyer.
- Sunde, J.Ø. (2014). Daughters of God and counsellors of the judges of men – a study in changes in the legal culture in the Norwegian realm in the High Middle Ages. I S. Brink & L. Collinson (red.), *New Approaches to Early Law in Scandinavia* (s. 131–183). Turnhout: Brepols. <https://doi.org/10.1484/M.AS-EB.1.101969>
- Sunde, J.Ø. (2020). Lagmannen og Landslova – Lagmannen i norsk mellomalderretts historie frå slutten av 1100-talet til 1400-talet. I A.C. Horn & K.A. Seip (red.), *Lov og lovgivning i middelalderen – Nye studier av Magnus Lagabøters landslov* (s. 164–211). Oslo: Nasjonalbiblioteket.
- Sunde, J.Ø. (2021). The Virtues Building Jerusalem: The Four Daughters of God and Their Long Journey to Norwegian Law in the Thirteenth Century. I K.B. Aavitsland & L.M. Bonde (red.), *Tracing the Jerusalem code*, bd. 1, *The holy city Christian cultures in medieval Scandinavia (ca. 1100–1536)* (s. 500–519). Berlin/Boston: Walter de Gruyter. <https://doi.org/10.1515/9783110639438-024>
- Taranger, A. (1904). *Udsigt over den norske rets historie*, II, 1: Statsrettens historie (indtil 1319), Christiania: Cammermeyers Boghandel.
- Taranger, A. (1930). Alting og Lagting. *Historisk tidsskrift*, vol. 26, 137–197.
- Taranger, A. (red.). (1962). *Magnus Lagabøters Landslov*. Oslo- Bergen-Tromsø: Universitetsforlaget.
- Winroth, A. (2000). *The making of Gratians Decretum*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Wolf, A. (1996). *Gesetzgebung in Europa 1100-1500*. München: Beck'sche Verlagsbuchhandlung.